



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Nordhordland Ingeniør & Byggmesterforretning AS V/Kåre
Romarheim

Lurevegen 850
5912 SEIM

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Vår ref.

2012/951 - 0 -
17145/2012

Telefon

Arkivkode:

137/728

Dato:

04.07.2012

Delegert sak

Løyve til etablering av bustad og garasje på GBnr 137/728

Delegasjonssak:

Kommunen gjev løyve til etablering av einebustad på 182 kvm BYA og garasje på 46 kvm BYA i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 10.05.2012, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Før bruksløyve kan gjevast, må avkjørsel, veg og hovudleidning for vass- og avlaupsanlegg vera opparbeidd, jf. pbl § 18-1.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Nordhordland Ingeniør og Byggm.forr.AS	S	PRO Alt ansvar unntatt sanitær og stikkledning (1) UTF Alt ansvar unntatt sanitær og stikkledning (1)
Knut Farestveit Rør & Sveis	S	PRO Sanitær og stikkledning (1) UTF Sanitær og stikkledning (1)

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Søknaden

Det er søkt om etablering av einebustad og garasje på GBnr 137/728. Det er søkt om einebustad på 286 kvm BRA, med ein BYA på 182 kvm. Garasje er søkt om til 42 kvm BRA



og 46 kvm BYA. I tillegg til garasje er det satt av plass til ein biloppstillingsplass på tomta, og det er dokumentert mogeleg å snu på eiga grunn.

Det er av Kommunens vegavdeling gjeve avkjøringsløyve med standard vilkår. Det er også, av ansvarleg søker søkt om tilkobling og melding om utførelse av sanitæranlegg hos Kommunens VVA-avdeling.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Uttale frå andre mynde

Kommunens vegavdeling har vurdert tiltaket og gjeve avkjøringsløyve til ein einebustad på tomta, med standard vilkår.

Plangrunnlag

Eigedomen vert omfatta av reguleringsplan for Ikenberget bustadfelt vedtatt 07.02.2002.

Veg og tilkomst

Bustaden skal ha ein avkjørsel i frå Kommunal veg. Det føreligg løyve i frå Vegavdelinga til dette.

Uteopphaldsareal og parkeringsløyvsningar

Bustaden skal i tillegg til garasje ha ein biloppstillingsplass. Dette er markert på situasjonsplanteikning.

Plassering og høgdeplassing

Høgdeplassinga vert godkjent til sokkelhøgde kote 49.2 OK ringmur bustad og 48.4 OK ringmur garasje, jf pbl § 29-4 første ledd.

Tiltaket si plassering skal koordinatutrekna, før utsetting av hushjørner på tomta.

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdiggattest, jf pbl § 21-10.

Vatn- og avlaup

Ansvarleg søker har sendt søknad til Kommunens VA-avdeling om tilkobling og melding om utførelse av sanitæranlegg.

Oppsummering og konklusjon

På grunnlag av søknad med vedlagt dokumentasjon og teikningar finn kommunen å kunne gjeve løyve til etablering av einebustad med garasje på GBnr 137/728

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.2a1 Bustad med 1 bueining	1	12.400
C.5.1.a garasje,oppdatering av off kart eller register	1	6.500
C.5.2b1 Tilleggsgebyr	1	2.600
Totalt gebyr å betala	3	21.500

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Einar Urheim
fagleiar byggesak

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Kopi til:

Bente og Sondre Olsen Dag Hammarskjøldsvei 65 5144 FYLLINGSDALEN